

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
048/19	Formannskapet	PS	20.06.2019
042/19	Kommunestyret	PS	27.06.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Merete Valle	19/1761

## Auka startlånsmidler - Bustadkontoret

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek at det kan søkast Husbanken om 40 000 000 kr i ekstramidlar til Startlån i 2019.

.....

#### Formannskapet - 048/19

##### **FO - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FO - vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det kan søkast Husbanken om 40 000 000 kr i ekstramidlar til Startlån i 2019.

#### Kommunestyret - 042/19

##### **KO - behandling:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

##### **KO - vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det kan søkast Husbanken om 40 000 000 kr i ekstramidlar til Startlån i 2019.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Bustadkontoret har som eit hovudfokus å bidra til å løyse bustadsituasjonen for innbyggjarane i kommunen vår. Startlån er eit av verkemidla som vert nytta slik at innbyggjarar, og då spesielt barnefamilier som har behov for ein trygg, godt og stabil busituasjon kan få hjelp til å komme inn på bustadmarknaden og kjøpe eigen bustad. Startlån, som er lån i Husbanken, vert vidareformidla av kommunen og låntakar betaler renter og avdrag til kommunen som administrerer låna i Husbanken.

I 2019 har kommunen fått fleire søknadar på startlån enn det ein forventa då ein planla budsjettet for året. Hovudårsaka til dette er at bankane sine retningslinjer i 2019 er blitt strengare. Dei godtar ikkje lenger startlånsmidlar som eigenkapital. Konsekvensen av dette er at kommunane i aukande grad må fullfinansiere låna. Tidlegare har lånetakarane gjerne fått startlånsmidlar som eigenkapital slik at dei kunne ta opp eigne lån i banken. Slik praksis er vorte no, godtek ikkje bankane dette. Det betyr at bustadkontoret må dele ut meir midlar pr søknad enn tidlegare og får ikkje innvilga like mange søknader som før.

### **Vurdering**

Ei av bustadkontoret sine hovudoppgåver er å bistå familiar med å sikre gode butilhøve og oppvekstvilkår for born og unge. Bustadkontoret har mottatt fleire søknader om startlån som ligg til handsaming, og det er forventa at det kjem inn fleire søknader utover hausten. For å kunne innfri søknadene som oppfyller kriteriene til startlån i 2019, er det trong for å auke låneopptaket i Husbanken.

Rådmannen rår til at det vert tatt opp ytterligare 40 000 000 kr i startlån i Husbanken. Startlånsmidler som ikkje vert nytta i 2019 vert overført til 2020.

.....